

## Sakspapir

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskapet	

Sakshandsamar:	<i>Odd Harald Dommersnes</i>	
Arkivsaknr.:	22/1129	Klassering: FE-150

### Økonomirapport for oktober månad

**Vedlegg:**

Austrheim - gjeldsrapport pr 31.10.23 - Skrivebeskyttet

**Kommunedirektøren si tilråding:**

Formannskapet tek økonomirapporten til vitande.

**Saksopplysningar:****Bakgrunn**

Budsjettet skal følgjast opp gjennom budsjettåret, og økonomiske data skal rapporterast inn til kommunestyret og formannskapet etter gjennomgang på alle tjenesteområda. Det skal i tillegg rapporterast til det nasjonale informasjonssystemet KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering).

**Rapportering til politisk nivå**

Kommunedirektøren har ansvaret for å rapportera om den økonomiske situasjonen til politisk nivå. Ved utgangen av kvart tertial skal kommunedirektøren leggja fram rapport til kommunestyret, det vert rapportert til formannskapet på månadsnivå. Rapporteringa skal ha fokus på å avdekke eventuelle avvik i høve vedteke årsbudsjett, tiltak for å oppnå balanse, prognose for året, utviklinga innanfor tenesteområda, oppnådde resultat/målsetjingar og status på eventuelle politiske vedtak. Dersom det er endringar i budsjettet, skal dette også leggast fram til handsaming i tertialrapport. Den 3.tertialrapport vert lagt fram i desember og er ein forenkla rapport som inneheld eventuelle budsjettjusteringar. Fullstendig rapport for året som inkludera 3.tertial vert lagt fram med årsmelding. Tertialrapportane skal handsamast i kommunestyret.

**Rapportering til administrativ leiing.**

Den einskilde kommunalsjef skal skriftleg rapportera til kommunedirektøren. Månadsrapportering skal innehalda ei oversikt over periodisert budsjett, forbruk i perioden og avvik for kvar einskild eining. Rapporteringa skal ha fokus på å avdekka eventuelle avvik i høve til tildelt ramme i budsjettåret, og tiltak for å oppnå balanse.

## Vurdering

Som det går fram av økonomireglementet så vil formannskapet få fast økonomisk rapportering kvar månad. Ein rapporterer også attende på vedtak kommunestyret har gjort gjennom verbalvedtak i budsjettmøtet utover dette ein gjev også status på det kommunedirektøren har motteke i samband med den administrative rapporteringa

Det er ein rekke risikofaktorar som kan påverke økonomien til ein kommune, dei tre største for vår kommune er kostnader knyta til barnevern, renteutgifter og sosiale ytingar. Alle tre er av ein slik at art at vi som kommune har liten påverknad. Det som vi må ha fokus frametter er alle dei andre kostnadene kor vi har høve å påverka. Vi ser at kostnadane knyta til barnevern er aukande og det er ein risiko for at her vil koma kostnader som ikkje ligg inne i årets budsjett, storleiken er ikkje av ein slik art at det vil påverka kommunen sin samla økonomi, men vil påverka kostnadane innanfor budsjettområde barnevern.

Utover det som er nemnt over så ventar vi på endelige tall på kva minimumsavdraget for 2023 vert, pluss endelig berekning av pensjonskostnadane frå KLP og SPK. Dette er tall som først er klar i desember månad og kan påverka rekneskapen begge vegar.

Etter oktober månad er der ingen store blålys som gjer at vi må varsle kutt eller andre innsparingar, men fokus må vere at alle som jobbar i Austrheim kommune lever etter den regelen om at ein ikkje brukar meir enn kva ein har fått til rådvelde på budsjetta sin. Men vi har ein litt rar sak når det gjeld skatt, grunna høg skatteinngongen dei 9 første mnd. i høve til budsjett/frie inntekter så har vi ingen skatteinntekter i oktober men må betale attende eit mindre beløp i skatt. Vi får håpe at dette ikkje vert til ein rutine at vi må betale attende pengar framfor at vi får dei.

Lenke til Framsikt: [Økonomirapport oktober 2023](#)

## Konklusjon:

Kommunedirektøren rår til at formannskapet tek økonomirapporten til vitande.